



DBS MED MOTOR: Pål A. Dahl kan ikkje ha jentner bakpå sykkel, med til gjensjeld slepp han å sykle opp bakkanen – når motoren er i godlune.

Heilt knall å ha ein knallert

FØRDE: Kven har ikkje ønska seg ein motor på bagasjebrettet når ein sykklar opp bratte bakkar. Pål A. Dahl i Førde har motor på sykkel. Og han påstår at knallerten hans er den einaste i sitt slag i landet.

Den vesle motoren, med knallraud bensintank, er festa på bagasjebrettet til ein heilt vanleg DBS-sykel. Den må syklast i gang, men når motoren først går med på å samarbeide, kan Dahl cruise avstad med ein toppfart på kring 30 km/t.

– Den er det minste som finst av motoriserte frandriftsmiddel. Det er ein 1950-modell, 50 kubikkmeter med 1,2 hestar. Så vidt eg veit finst det ikkje tilsvarende i Norge i dag, med det er ein av same type i London, fortel Dahl.

Spesiell verdi

Han kan ikkje selje ein prislapp på knallerten. Den var farens første køyretøy, og har dermed ein verdi som ikkje kan målast i kroner og øre.

– Far min kjøpte motoren på Steen & Strøm tidleg på 50-tallet, monterte den på sykkel og køyrde rundt på den i nokre år

til han fekk råd til å kjøpe seg bil, fortel Dahl.

Med bil i garasjen, hanna knallerten i ein papkasse, og der har han lege heilt til no.

– Eg har alltid hatt interesse for gamle køyretøy, og allereie som tolvåring prøvde eg fortvila å få start på motoren, utan å lykkast. Så motoren vart liggjande i kassen, fram til for eit år sidan. Då vart han henta fram igjen, fortel Dahl.

Skrekkblanda fryd

Han stelte fint med den, og fekk skifta ut ein del hni i motoren, og dermed fekk han liv i den.

– Det var eit stort augneblink då den endeleg starta, og eg la ut på den første turen i sommar med skrekkblanda fryd. Det var ei blanding av lulle, glede og uto over at noko skulle skjere seg, fortel Dahl.

I haust kom skilta på plass, med same A-kljemeteiken som faren hadde på sykkel.

– Det glekk i orden med stor velvilje frå Biltilsynet. Dei opphavlege papira var borte, og dei hadde berre mitt ord på at far min er den tidlegare eigaren, fortel Dahl.

Originalt

Motoren er stort sett original, men farens sykkel er det ikkje lenger mogleg å oppdive.

– Eg er oppfått av å ha det i mest mogleg original tilstand, og har fått tak i ein DBS herre-



TIDSRIKTIG: Utstyret må vere tidsriktig, denne forløparen til køyrebrillene fann Dahl på ein marknad.

sykkel frå 1953 med tre gir. Der har eg og monterer på eit gammalt speedometer, fortel Dahl.

Utstyret elles må og stå i stil, han har tidsriktig hjelm, hanskar, leggskin. Og forløparen til køyrebrillene: Ein sylinder han festar framfor ansiktet.

– I teorien skal det danne seg ei luftpute framfor ansiktet som held vind og insekt vekk. Eg trur det fungerer best i teorien, ler Dahl.

Ettertrakta

Han er levande interessert i his-

toria og køyretøy frå tida rundt 2. verdskrig.

– I samtida var det ikkje noko spesielt med desse køyretøya. Det er når alle kvitlar seg med dei, at dei få som blir igjen er interessante. Det handlar om å ta vare på samtida. Dei bilane vi vrakar no med den største sjølvfølge, vil vere ettertrakta om 30-40 år, om det er nokon igjen av dei, seier Dahl.

Blårøyk

Han klappar stolt på familieklemodiet, som står klar til søndagstur når vårsola tittar fram.

– Eg ser fram til å lage blåroyk i Angedalen, og ikkje minst den spesielle lyden. Den minner om ein mellomting av motorsag og grasklippar, meiner Dahl.


– Men med motoren, er det ikkje plass til jentner bakpå...

– Nei, og det er sjøvsagt eit klart minus, men eg har heldigvis ei tolmendig kone, seier Dahl.

Fleire i vente

Og det kjem godt med, for han har fleire restaureringsprosjekt som ventar. Ein Saab 64-modell og NSU-scooter 1958-modell.

– Eg trur det er felles for alle med denne interessa, vi har fleire objekt enn vi har tid.



KLENOTDIUM: Dahl meiner at far familieklemodiet.



rens gamle knallert er den einaste i sitt slag i Norge. No håpar han at sonen Christian skal ta over interessa for

Min son skribenten

Han har bestemt seg for kva han skal bli her i verda, sjølv om han ikkje har passert to og eit halvt år enno. Han skal bli skribent. Kanskje skulle eg snakke han frå det, men truleg lét eg det vere, for han er nemleg ikkje særleg enkel å diskutere med.

Imidi nyleg var det heller uklart kva han hadde for planar her i livet. Han vandra om kring mellom sommarbris og traktorar i Indre Sunnfjord og gjorde seg merkelege tankar om korleis vassdammar kan forsvinne og kvifor nærbutikken ikkje sel pinne-is på søndagar. Mest næringsgigande var det då å tru at han skulle ende opp som filosof, utan at han sjølv kan ha vore særleg klar over kva ein kan gjere det til i eit slikt yrke. Men no har han altså nytta hausten til å bestemme seg.

Det starta ein ettermiddag for eit par månader sidan. Han sat saman med oss to foreldra ved kjøkenbordet og fortalte så levande om ein vilter dag i barnehagen at fiskebollane hoppa og dansa om kring oss. Sjølv lever han dagane i Jølster, men han har forstått at bilen går vidare til Førde med oss to vaksne. Kjennskapen hans til den nye byen er sterkt prega av laurdagssturar med obliigatoriske besøk på begge del to handelsklossane, der små, barnevenlege automatar omset lemmarar til leslege køyreurar med barne-tv-musikk til.

Då det var oss vaksne sin tur til å legge ut om dagens yrkesdømt, fekk guten det føre seg at han like gjerne kunne framføre den delen av samtalen som ein monolog også. «Eg veit ka dokke gjer på jobben. Mamma køyrer Postmann Pat-bilen og pappa køyrer Brannmann Sam-bilen», sa han, heilt alvorleg. Pastandane hans fekk oss til å seige kvar vår fiskebolle fast i halsen, men dei påfølgjande latterkulene hjelpte heldigvis bollane opp att. Det var ikkje tvil om at vi følte at han hadde avslørt oss.

Og den som kan avsløre andres gjeremål på det viset, passar godt i den skrivande verda. Guten byrjar dessutan å få orden på eit av dei viktige skriveverktøya også, nemleg bokstavane. Han fortel under kvart måltid at H-njølk-kartongen har pappas bokstav på seg og at lettjølk-kartongen har mamas.

Dessutan har han rydda seg ein ny plass mellom leikane under trappa som går opp frå stie til soveromma. Sentralt plassert står no eit lite, trekvitt leikebord og ein grøn stol med krokodillemønster. På bordet ligg fargestiftane alltid klare saman med papirark med Ole Bruum på. Når han set seg ned ved bordet, seier han: «Eg e' på jobben no, eg skriv i avisa». Og den første avslørande artikkelen er allerede blitt fleire ord lang. Når vi ber han lese kva som står på arket, reiser han seg frå stolen med ei rykje i panna, stier på arket, og seier: «Ein dag hadde dei det sååå travelt.....».

Arnald